

# Oppsummering – innspel frå Folkemøte Haugen

Møte vart halde i Vårtun 26.11.19, om lag 40 personar møtte fram.

Deltakarane vart delt inn i 6 grupper som drøfta det presenterte materialet og kom med sine innspel på utdelte kart. Karta e nummerert i etterkant, for referanse.

Innspel i plenum og frå gruppearbeidet:

- Ein bør lage ei eiga framstilling av turvegar/tuområde – det er vi einige i og gruppene vart oppmoda om å oppsummere sin kjennskap til denne typen bruk i gruppearbeidet.
- Treng fortau langs Løkjavegen.
- Ny bru Bjørhovde, gangveg og undergang til skule.
- FAU-leiar Geir Holmen understreka at det er viktig å legge til rette for å opprettholde elevtalet ved skulen og aktivitet i krinsen.
- Gang og sykkelveg til Eid vert også nemnt av fleire grupper som ein viktig/nødvendig føresetnad for vidare utvikling, må prioriterast.
- Påstand om spillvassledning oppover mot Hjelmelandsdalen, og sjekk om det ligg ein ubrukt i gangvegen mellom Skulen og Rysstakryset. Ikkje sjekka
- Spørsmål ved om rensanlegg på Løkja er i orden/stort nok.
- Bustader for eldre nær busstopp, betre tilrettelegging for eldre generelt
- Gruppe2 oppfattar utfyllingsområdet i nedre/austre del av Åsen (inne i friområdet) som veldig godt eigna, dette er noko ein bør vurdere nærare, spesielt dersom anna utbygging gjer at tilkomstvegen vert oppgradert noko i krysset.
- På lenger sikt er også Pelida? (området mellom rideskule og hjelmelandsvegen) spelt inn som eit aktuelt byggeområde.
- Forslag om «facelift ved kryss D – plant ei julegran!
- Ei av gruppene spør – Kva med område utanfor kartet der grunneigar er interessert i å selje – for desse vil det vere naturleg å vidareføre LNF spreidd som eit alternativ, avstand til kommunikasjon og skule gjer det mindre aktuelt å legge til rette for feltutbygging.
- Ei gruppe påpeikar at bustadutbygging bør vere balansert, og at ein bør tilpasse for småbarnsforeldre og førstegangsetablerarar.
- Ei anna gruppe ser behov for både leiligheiter og «tomtebustader». Foreslår t.d. «eldrebustader»/leiligheiter nær busstopp, ser ein trend for at eldre no vil til sentrum.

## Prioritering

| Område                         | Pri 1 | Pri 2 | Gruppe       |
|--------------------------------|-------|-------|--------------|
| Åsen Vest                      | III   | I     | 1, 2, 5 og 6 |
| Ryssta                         | I     | I     | 4 og 6       |
| Dannielbakkjen                 |       | I     | 1            |
| Løkjaneset aust                |       | I     | 2            |
| Ved Lid                        |       |       |              |
| Ved skulebakken (gnr/bnr 36/5) | II    | I     | 3, 3 og 4    |

## **Åsen vest**

Dette området er prioritert på topp, av halvparten av gruppene.

Enkelte stemmer for å bevare tunet i Åsen vest og skogen aust om dette. Turstiar og gapahukar/bålplassar i Løkjaåsen er vurdert til å vere viktige med tanke på nærmiljø, folkehelse og friluftsliv. (Gruppe 2,3 og 6 har skissert inn vegar/stiar og område som er brukt av barnehage/skule i sine kart – innspel til «naturbrukskart».) Også naturmangfald (sopp og uberørt varmekjær edellauskog – artsmangfald) og hjorteområde i Løkjaåsen er påpeika som verdiar i området som ein bør verne om.

To av gruppene understrekar at det gamle tunet i Åsen Vest bør «vernast».

## **Åsen «tillegg»**

Det ligg også nokre potensielle tomter på sjølve Åsen, i friområdet og i tilknytning til privat utbyggingsfelt. Det kan vere aktuelt å utvikle desse dersom tilkomsten til Åsen vert oppgradert. For desse bør ein kanskje vurdere ei fortetta utbygging, med litt høgare utnytting.

## **Ryssta**

Det kom ikkje fram signal i møtet om at Ryssta er mindre aktuelt/uønska som utbyggingsområde. Tvert i mot signal om at kommunen bør prioritere ei utviding av offentleg infrastruktur som gjer det mogleg å bygge ut. Minus på Ryssta; kanskje noko bilstøy og mindre sol enn andre deler av området.

## **Danielbakkjen**

Høgspenningproblem? Noko av det området som er tenkt på er i aktiv bruk som beite, og ein må gjere ei grundig vurdering av landbruksverdi/bruk for å avgrense aktuelt utbyggingsområde.

## **Løkjanaset aust**

Ein del av innspela som går på naturverdi, sjeldne artar og hjort i Åsen Vest strekkjer seg ned til det vurderte området ved Løkjanaset.

## **Ved Lid**

Positive grunneigarar, dei same som har spelt inn området «Ospebakken». Enkelte grupper er også positive til å vidareføre B20, frå gjeldande kommuneplan. Kanskje aktuelt som fortetta utbygging?

## **Skuleområdet**

Omtrent alle gruppene påpeikar at det burde vore gjort eit heilskapleg planarbeid omkring skulen, både med tanke på veg, vatn og avløp og med tanke på identifisere/utnytte fortettingspotensiale. Det høyrer også ut til å vere positiv innstilling til at deler av ev utbygging ved skule og busstopp bør vere fortetta.

Enkelte grupper tek til orde for å ta inn att eit område med skissert plan ved Vonlund/Skulebakken. (gnr/bnr 36/5 Rune Hole). Dette alternativet er prioritert på topp for to av gruppene.

Det føreligg skissert løysing for fortetta utbygging på dei to ledige tomtene ved skulen, (Kåre Magnar Naustdal). Problem i kryss D vil vere relevant også for denne plasseringa.

## Kryss D

Ei hovudutfordring for dei fleste grep i dette mest sentrale området er trafikkavvikling/kryss D. Ikkje berre kryss D, men heile trafikksituasjonen i dette området er farleg og bør utbetrast, spesielt med tanke på at trafikken til Hjelmelandsdalen vil auke ved utvida hytteutbygging. Dette vert mellom anna grunngjeve med gangtrafikk til og frå idrettsområdet/Klenkarberget.

Gruppe 1 og 2 understrekar at kryssinga ved skulen MÅ utbetrast p.g.a. idrettsområdet, dei føreslår samtidig at ein då kan opne opp for utbygging i Lidene/Orebakkjen, som ein fase 2.

«Kryss D er et problem som MÅ løses»

## Andre innspel som om fram i og etter møtet

Grunneigar på 36/5 «Haugentunet», Rune Hole har vore i kontakt med Nordplan og kommunen i etterkant av møtet for å utdjupe detaljar omkring dette arealet og det er eit sterkt ynskje om å få arealet innarbeidd i planframlegget. (Eige møtereferat frå møte 13.12.19 føreligg.)

Grunneigar på gnr/bnr 23/6 Marianne Bjørhovde har også vore i kontakt med ynskje om at deler av denne eigedomen kan nyttast til bustadutbygging. (Illustrert på kart nr 1)

E-post, datert 14.12.19:

Hei!

*Takk for sist :-). Veldig bra møte på Vårtun og jeg håper nå det blir et moment og framdrift som gjør at det raskt blir realisert flere tomter i krinsen. Tenkte å spille inn to ting i denne omgang:*

- 1. Forlengelse av Løkjastranda bustadfelt. Det ligger allerede inne i kommuneplanen en tomteområde i forlengelse av Løkjastranda kommunale bustadfelt (se vedlagt kart). I dette område er Eid kommune eier av 19/1 som er til salgs, Tor-Anfinn Lillestøl eier 19/7, videre eier vi 19/3 og til sist Anne-Karin Løken på 19/5. Vil bare spille inne at dette området fremdeles kan være aktuelt for utbygging.*
- 2. Vi jobber gjennom bygdeutviklingslaget med å få bygget turstier på Løkja som vil fungere som en rundtur på 5 km og som binder sammen de kommunale byggefeltene Åsen inkl. evt. utvidelse og Løkjastranda inkl. evt. utvidelse. Dvs. at trinn 2 mellom feltene kan bygges ut som en gangveg med lys som også kan brukes som bilfri skoleveg for å slippe å bruke Løkjavegen som er smal, uten gangfelt og uten lys.*

*mvh*

***Stein Bjørhovde***

Ref:

Siri Gausemel - Nordplan